

Kvinnherad Kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal
V/ Byggesak

Søknad om opparbeiding av Næringsområdet BN9 og deler av BN7, Gnr.134, Bnr. 85, Børnes i Uskedalen.

Tiltakshavar:

Eidsvik & Selstad Eigedom AS

Eigedom: Gnr 134 Bnr 85

Søknad om planering av næringsområdet BN9 og deler av BN7. Tiltaket er i sin heilheit i samsvar med planid: 20190006. Plan- og bygningslova § 1-9 fastset fylgjande: «*Det kan i byggesaken ikke klages på forhold som er avgjort i bindende reguleringsplan(...)*»

Arealet som skal opparbeidast er på 7.960m² og det skal sprengast ca 51.000m³ med fast fjell. Deler av BN7 er tatt med for å laga plass til framtidig SKV5 veg. Uttaket er for å fortsetja arbeidet med planering av arealet for næringsverksemd, og har ikkje eit kommersielt formål.

Støy

Ved opparbeiding av næringsområdet vil ein forhalda seg til pkt 2.4.2 i Føresegner til reguleringsplanen når det kjem til støy.

Pkt. 2.5 i regplan:

Støv og forureining frå anleggsarbeid og knusing av stein (jfr. forureiningsforskrifta kapittel 30)

I forbindelse med anleggsarbeid/planering vil ein del massar bli knust og meldt på eige meldeskjema til Statsforvaltaren og gjennomført ihht. Forureiningsforskriften Kap. 30.

I forbindelse med anleggsarbeid/knusing vil det bli utført støvnedfallsmålinger etter samme mal (NS-4852) som vedlagte støvnedfallsmålinger i perioden frå november 2023 og fram til i dag. (fortsatt pågåande)

Massehandtering:

Vedlagt Massehandteringsplan som vil verta oppdatert i prosjektet.

Pr. i dag kan vi ikkje gje eit forpliktande tidsbruk for oppstart og ferdigstilling. Me sender no søknad og håpar på oppstart i september/oktober slik at haust/vinter kan nyttast til boring og sprenging. Me ynskjer å vera i posisjon til å kunna levera stein til tiltak i Grøn næringspark på Husnes, så snart det er gjeve grønt lys for dette.



Så snart vi får avklaringar om lokale prosjekt som har behov for massar vil vi kunna oppdatera tidsplan, men pr i dag legg vi til grunn ca. 2-2,5 år.

Minerallova:

DMF har tidlegare vurdert at tiltaket ikkje er omfatta av minerallova. Då hovudformålet med tiltaket er tilrettelegging av næringsområde. Sjå vedlagt uttale frå Dir for Mineralforvaltning til ny høyring av reguleringsplan av 03.01.2024.

Naboar

Naboar er varsla og det forelegg 3 merknader. Svar til merknader er vedlagt.

Vedlegg

- **Situasjonsplan**
- **Profilar**
- **Ansvarsrettar**
- **Gjennomføringsplan**
- **Nabovarsel med kvittering**
- **Svar nabomerknader**
- **Høyringssvar frå Dir for Mineralforvaltning**
- **Massehandteringsplan**

Då søknad er ihht gjeldande reguleringsplan (planid:20190006) og at nabomerknader er svara ut vonar vi at Kvinnherad kommune kan handsama vår søknad så snart som mogleg.

I pbl. § 21-7, 2. avsnitt her er det fastsatt at: «Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker.».

I denne saka er det kome merknad frå to naboar. Samstundes er det klart at dei saker som er nemnd i begge merknadane er avgjort i gjeldande plan – og det er ikkje lov med omkamp i byggesaken, jfr. § 1-9.

I slike tilfelle skal ikkje saksbehandlingstida forlengast. Som nemt under Massehandtering vil vi gjerne vera i posisjon til å levera stein til tiltak i grøn næringspark på Husnes, og vonar kommunen kan bidra med raskast mogleg handsaming av denne søknaden. (Kvinnherad kommune sin merknad oppfatter vi som er avklart i våre tilleggsopplysningar)

Vidare nemner me at merknader frå Hjørnevåg Eigedom og Rune Hjørnevåg er dei same som er motteke frå Br. Hjørnevåg i forbindelse med våre 2 tidlegare søknader om opparbeiding av areal på BN 8 – kote 8.



Me reknar derfor med at dei er avklara i forbindelse med våre tidlegare løyve til tiltak, og at mottekne merknader til denne søknaden ikkje vil medføre ekstra tidsbruk for Kvinnherad kommune. Ref ny reguleringsplan og PBL § 1-9.

Når det gjeld anleggsarbeid (boring, sprenging, knusing, lasting/lossing) og lagring av overskotsmassar så har vi sett opp støvnedfallsmålalar på Br. Hjønnvåg si tomt og har hatt månadlege målingar sidan november 2023. Mineralsk nedfall ligg langt under grensa på 5 g/m² pr. 30 dagar – Sjå vedlegg.

Støvnedfallsmålingar vil vi fortsetja med gjennom anleggsarbeidet.

Rekkjefølgjekrav knytta til utbetring ved avkøyning til Fv 500 i § 10.2 i reguleringsplanen kjem ikkje til anvending for anleggstiltak for klargjering av byggjetomt. Det er dei planavklara arealformåla som kan utløyse rekkjefølgjekrav. Anleggs-arbeida på tomten representerer i alle høve heller ikkje «vesentleg auka aktivitet». I perioder vil det bli tale om borkjøyring av massar med bil og hengar, ein trafikk som vil utgjere ein liten del av totaltrafikken i avkøyrsla.

Vi jobbar ut frå oppstart av anleggsarbeid september/oktober og vidare arbeid utover haust/vinter, noko som også er gunstig med tanke på nabobedrifter og andre naboar langs FV 500.

Vi håper at Kvinnherad kommune ser positivt på uttak av massar i forbindelse med opparbeiding av vårt næringsareal, og at overskotsmassar vert brukt til andre prosjekt i nærområdet.

Om noko manglar i søknaden eller er uklart ber eg om at underteikna vert kontakta på e-post eller pr. telefon.

Novaform AS

Iver-Andreas Blokkum

95223888

Iver.blokkum@novaform.no

